



Wencke og Tor Vidar presenterar versteinen

No skal også Uskedalen få sin verstein - eller vertavle. Den skal monterast ved oppslagstavla som står ved Gamlaskulen og vera til opplysning for folket. Men det bør leggjast til at ein ikkje bør ta varsla på askefjøla altfor høgtideleg, for dei er forfatta med eit glimt i auga....Versteinen er laga av KV (tidlegare AFA) og Wencke Skudal har vore prosjektleiar.



Versteinen ved Alvheim

Kva er så bakgrunnen for prosjektet?

Dagleg leiar Tor Vidar Sele fortel at han fekk eit foto av Else Marie Eik som hadde teke bilde av versteinen ved Alvheim som ligg oppe i Øygarden kommune. Han tente på prosjektet og nå er det heile fullført med varslar innsvidd i ei solid askplate og ein tung stein montert.

Her er alternativa i det originale vervarselet:

Er steinen våt er det regnvær

Er steinen kvit er det regnvær

Ser du ikkje steinen, er det tåke

Henger steinen på siden, er det storm

Henger steinen oppe, har vi verdens undergang

Er steinen borte, er den stjålet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen